


1/2018 - årgang 59

# Kyrkjeblad

*for Vestre Slidre*




# Oppstandelsesikonet

Det vakre oppstandelsesikonet som preger årets forside av påskenummeret til menighetsbladet, ankom prestegården i Slidre i fjor sommer. Jeg og Cecilie hadde lenge ønsket oss akkurat dette ikonet, hvor den oppstandne Kristus akkurat har seiret over døden og dødsriket.

I sentrum av vår kristne tro finner vi denne begivenheten. Ikonet henger i dag i en av våre stuer og vil alltid minne oss om at Kristus Jesus er «oppstandelsen og livet og at hver den som tror på han skal leve om han enn dør, og hver den som lever og tror på han skal aldri i evighet dø.» *Joh 11.25f.*

Ikonet avbilder den historiske hendelse som kirken er grunnet på.

Allerede så tidlig som på 200-tallet begynte den kristne billedkunsten å ta form. Motivet var opplagt. Den usynlige var blitt synlig og kunne dermed avbildes. Det hele begynte i katakombene. På veggene i de underjordiske gangene hvor de kristne først begravde sine døde, ga man uttrykk for sin tro. Katakombekunstnerne så det som opplagt at man kunne avbilde Gud også: han hadde jo fått et ansikt. Kristus var «*den usynlige Guds bilde*», *Kol 1.15*. Dermed vokste frimodigheten fram og bare noen århundrer senere ble ikonene stadig mer vanlige, både i kirkene og i hjemmene. Sammen med musikken fikk bildene en like høy verdi som ordet, for ikke å si høyere, når det gjaldt å nærme seg Gud. Bilde og musikk var uttrykksmidler som talte til det alminnelige menneske. Ikonene ga uttrykk for det som var den kristne tros sentrum. De formidlet evangeliet. Uten Jesu Kristi menneskelighet



ville ikonene ha vært utenkelige i den kristne gudstjenesten og i det personlige andaktsliv. Man skulle jo ikke lage seg noen avbilder av Gud. Men når han nå hadde blitt menneske, så hadde man jo fått et bilde av Gud. Dermed vokste ikontradisjonen fram i vår kirke.

Kunstverket som preger forsiden er malt av ikonkunstner Robin Johansson. Dette er et av de mest sentrale og elskede ikoner i den bysantske tradisjonen. Hvor gammelt originalmotivet egentlig er, har jeg ikke klart å finne ut av, men sannsynligvis er det flere hundre år gammelt. Her ser vi den oppstandne Kristus. Under hans føtter kan vi skimte dødsrikets porter/søyler som er brutt i stykker. Nede i Hades kan vi også ane en rekke nøkler som den oppstandne har benyttet for å åpne portene som holdt de døde i fangenskap. I dødsriket eller Hades, kan du også skimte en skjelettliggende figur som er fastbundet på hender og føtter: det

er døden, dødsriket eller Satan om du vil. «*Jesus mørkets første bandt, jeg den kjøpte frihet eier.*» **NoS 194.** Med andre ord, Kristus har seiret over døden og dødsriket. Det er han som nå besitter nøklene over døden og dødsriket. Gjennom sin død gjorde han «*ende på ham som hersker ved døden, det er djevelen.*» **Hebr. 2.14.**

De to figurene som Jesus drar opp av dødsriket og ut av graven er Adam og Eva, som symboliserer hele menneskeheten, hele veien tilbake til de første mennesker. Gjennom sin død og oppstandelse forsonet han alle mennesker med Gud. «*For han har fridd oss ut av mørkets makt og satt oss over i sin elskede Sønns rike*» **Kol 1.13.**

Samtidig er dette en foregripelse eller et varsel om den oppstandelse vi alle en dag skal ta del i ved tidens ende.

Til venstre for Kristus ser vi tre karakterer: Kong David og kong Salomo, to av hans forfedre. Sammen med dem står døperen Johannes, som var en forløper for Jesus både i livet og i martyriet.

Figurene på høyre side kan variere fra ikon til ikon, men kan være noen gammeltestamentlige profeter eller hellige.

Den blå formen rundt Kristus kalles Mandorla (som betyr mandel på italiensk, jmf. formen). Mandorla symboliserer det uskapte, evige lyset som stråler ut av den oppstandne. Det er det samme lys som fylte apostlene med undring på forklarelsens berg, og som senere blendet Saulus på vei til Damaskus. Lyset er den herlighet som omkranser den oppstandne i sitt

evige kongerike. Det er det lys som gjennomlyste det bekmørke Hades og brakte liv og håp inn i dødsrikets irrganger.

Ikonet speiler det gudommelige og er derfor gjenstand for vår ærbødighet. De formidler vår tro, speiler det gudommelige og er vinduer inn i det hellige mysterium, og den virkelighet som er større enn vår egen. Via ikonet så den bedende rett inn i himmelen og ble forvandlet av det han så. Menneskets sinn kan ikke klare å skue den himmelske virkelighet «*om det ikke ledes gjennom nære, materielle ting*», skriver Dionysios. Da ikonene ble stadig vanligere også i private hjem, begynte snart mange beretninger å spres om merkelige undre som var skjedd i forbindelse med hellige bilder: Uttørkede brønner ga vann når ikoner ble senket ned i dem, helbredelse skjedde når dugg og olje kom i kontakt med dem. Historiene om under og tegn tar ingen ende.

*Takk, du store seierherre,  
takk, du livets himmelhelt,  
som ei døden kunne sperre  
i det helvedmørke telt!  
Takk fordi at opp du stod  
og fikk døden under fot!  
Ingen tunge kan den glede  
med tilbørlig lovsang kvede.*

**Nos 190.2**

OLA DØHL

# Gudstenestene i påska

Påska er den viktigaste høgtida i kyrkjeåret, og i løpet av veka frå palmesundag til fyrste påskedag feirar vi gudsteneste oftare enn nokon annan gong i året. Veka blir kalla for *den stille veka* og avsluttar fastetida, for eigentleg byrjar ikkje påska før ettermiddagen påskeaftan.



**Palmesundag** feirar vi til minne om at Jesus kom ridande inn til Jerusalem på veg til å møte døden. Vi minnest folke-mengda som møter han med Hosianna-rop, men over dagen ligg det og eit alvorleg skjær. Vi veit kva som ventar lenger ut i veka. Messa blir feira som familiemesse i Lomen kyrkje, og etter messa, arrangerer søndagsskulen det tradisjonsrike skirennet på jordet ovanfor kyrkja. Det er med andre ord all god grunn til å ta med ungane på gudsteneste denne dagen.

**Lomen kyrkje, 25. mars, 11.00**



**Skjærtorsdag** har dei siste åra vore feira på Sekskanten på Vaset. Midt oppe i den flotte naturen minnest vi inn - stiftinga av nattverden, og vi feirar messe med heimebaka brød.

**Sekskanten, Vaset, 29. mars, 12.00.**

**Langfredag** har vi kveldsgudsteneste i Slidredomen. Vi minnest at frelsaren, han som har skapt verda, dør for alle menneske si skuld. I gudstenesta er stemninga dempa, og liturgien avspeglar dei ulike hendingane kring Jesu død. Vi avsluttar messa med å gå ut i det stille av ei mørklagt kyrkje.

**Slidredomen, 30. mars, 19.30**

**Påskennatt** innleier vi feiringa av Jesu oppstode. I mørkret startar vi ute, tender påskeelden og går rundt kyrkja der vi får høre påskeevangeliet. Etter dette går vi inn i ei mørklagt kyrkje som berre er opplyst av stearinlys, og får høre den eldgamle påskelovsangen. Deretter følgjer ei høgtidleg messe med lesingar, korsong, dåpspåminning og nattverd før vi avsluttar med å gå ut att i natta og syng *Deg være ære*. I år startar vi messa ein halvtime tidlegare og har korta litt inn på liturgien frå i fjar.

**Slidredomen, 31. mars, 22.30**

**1. påskedag** møtest vi til fest- og høgtidsmesse i Slidredomen. Det blir barnedåp, og vi feirar at livet har vunne over døden. Det blir kornettspel, kjende påskesalmar og nattverd.

**Slidredomen, 1. april, 11.00**



# «ringest blant ringe»

## – Om Johan Halmrast og påskesalmen *Å salige stund uten like*

Å salige stund uten like,  
han lever, han lever ennu!  
Han vandrer i seieren rike,  
min sjel hvorfor sørger da du?  
Han er ikke lenger i graven,  
hvor bleknet i døden han lå;  
/:jeg levende så ham i haven,  
og aldri så skjønn jeg ham så.:/

Han lever, og jeg skal få bringe  
hans venner det salige ord –  
tenk, jeg som er ringest blant ringe,  
den minste han kjenner på jord.  
Tenk, jeg skal hans hilsen frembære,  
å kunne jeg synge det ut!  
/:Mer kunne ei engler begjære  
enn gå med så salig et bud.:/

Å, salige stund uten like,  
han lever, han lever ennu!  
Han vandrer i seierens rike,  
min sjel, hvorfor sørger da du?  
Du søkte din trøst i den døde,  
og dvelte ved gravnatten kun,  
/:Så fikk du ham levende møte,  
å, salige, salige stund!:/

Når eg ein sjeldan gong har fri i helg og høgtid, og reiser gjennom Søndre Land for å besøke svigermor, passerer eg eit blått skilt som syner at eg har kome til den vesle staden Halmrast. Og kvar gong eg kjem dit, byrjar eg å syne «Å salige stund uten like» inni meg. For inntil eg begynte å køyre denne vegen oftare for om lag 13 år sidan, var Halmrast synonymt med forfattaren av *Å salige stund uten like*.



Så då eg no begynte å setje meg inn i salmen, må eg innrømme at eg vart litt skuffa då eg fann ut at Johan Halmrast, då han vart fødd i 1866, slett ikkje innleia nokon oppvekst i Søndre Land. Han vaks derimot opp som kjøpmannsson på Lillehammer, men faren gjekk konkurs og flytta med familien til Kristiania då Johan var 12 år. Han måtte tidleg klare seg sjølv, men han hadde ikkje det enklaste utgangspunktet for å få arbeid, for han var både kortvaksen, pukkelrygga og hadde deformerte hender. Men Johan lærde seg språk sjølv, las mykje, og han byrja etterkvart å skrive. Han skreiv i første rekke det vi i dag vil kalla kiosklitteratur, enkle romanar med handling frå den austre delen av hovudstaden. Bøkene selde han ved hjelp av omreisande handelsmenn, såkalla *kolportørar*. Halmrast vart ein svært religiøs mann, og han fekk i tilknyting til Frelsesarmeens, som hadde etablert seg i Noreg og Kristiania i 1888. Det var i dette miljøet han skreiv salmen han har vorte kjend for, men då han prøvde å utvide verksenda som salmediktar, fekk han ingen respons i det etablerte kyrkje-Noreg. I 1912 døydde han, berre 46 år gammal, fattig og einsam, av lungebetennelse. Berre sjumenneske møtte opp i gravferda, og to sekkar med upubliserte manuskript vart brende utan at nokon las dei.

Salmen *Å salige stund uten like* blei raskt populær i det vi kalla dei lågkyrkjelege rørslene. Berre fire år etter at Halmrast hadde skrive han, kom han med i Misjonsforbundets sangbok. Salmen hadde eigentleg tittelen *Maria Magdalenas Jubel*, for heile teksten er eit forsøk på å gjenkape kva Maria Magdalena kan ha tenkt då ho møtte den oppstandne Jesus ved grava. Johannes-evangeliet fortel om korleis ho var blant dei som sto attmed krossen då Jesus døydde, og i dette evangeliet er det Maria Magdalena som fyrst får sjå den levande Jesus. Både ho, Peter og Johannes har sett den tomme grava, men der dei to apostlane har gått heim, så står ho att utanfor grava. Då får ho fyrst sjå to englar som spør henne kvifor ho græt, før ho snur seg og ser meistaren. Ho kjenner han att då han brukar namnet hennar, og historia endar med at ho går for å fortelje det ho har opplevd, til dei andre disiplane.

Salmen startar med å legge vekt på at hendinga og stunda, påskedagen, er eineståande og fantastisk. Og forklaringa kjem raskt, *han*, for namnet blir ikkje brukt i heile teksten, lever framleis. Men så syner det seg raskt at personen som syng ikkje heilt har take det inn over seg, men spør sjela

si, som salmisten i Salme 42, om kvifor ho er trist. Deretter argumenterer ho overfor seg sjølv om kvifor stunda er salig. Han låg i grava, daud og bleik, men no har ho sett han, både levande og vakker i hagen.

Den andre strofa handlar om oppdraget Maria fekk, å gå til dei andre og fortelje om kva ho hadde opplevd. Ho kjenner nok på ikkje så reint lite ærefrykt, og kan eigentleg ikkje forstå kvifor det var ho som fekk oppdraget. Ho er jo «ringest blant ringe» og «den minste han kjenner på jord». Maria Magdalena siktar nok til seg sjølv på denne staden i teksten. Ho har i tradisjonen vorte omtala som den prostituerte kvinne som salvar Jesu føter, og som difor var langt borte frå samfunnsliten. Men tru om ikkje Halmrast identifiserer seg med Maria her? Han var jo sjølv utanfor det etablerte samfunnet, liten av vekst og hadde fleire fysiske skavankar. I alle fall er teksten ei påminning om at Gud vender seg til dei små i samfunnet, som gjeterane på Betlehemsmarkene, fattige folk i Galilea og til den lastefulle kvinnna ved grava. Kanskje kan Halmrast også her vere inspirert av Frelsesarmeens arbeid, som nettopp var opptekne av å formidle evangeliet på dei nederste trinna på samfunnsstigen?

Konklusjonen blir i alle fall at ho har lyst til å synge ut gledesbodskapen, og det er jo nettopp det vi gjer i salmen. Tredje strofe er dels lik den fyrste, der vi på ny får høre om at han er stått opp og vandrar i «seierens rike». Siste del av strofa vender seg på nytt til sjela og seier at no er det på tide å vende seg mot påskebodskapen – at Jesus er stått opp.

Med den monumentale melodien av organisten Kristian Wendelborg har salmen vorte nettopp ein reiskap til å synge ut påskebodskapen. Melodien var opprinneleg meir rytmisk, med marsjpreg, og slik sett meir «frelsesarmeaktig» enn vi kjenner han i dag. Salmen kom inn i dei offisielle salmebøkene i 1924, men Wendelborgs melodi vart ikkje teken inn i den etablerte kyrkjearmen før i 1947, noko som nok skuldast at han vart oppfatta for folkeleg. Så når vi syng den folkekjære salmen kan både tekst, melodi og forfattarens livsskjebne minne oss om at Gud ofte nyttar den «ringe blant ringe» som bodberar til «å gå med så salig et bud.»

ARE ALUND

## Vil du støtte kyrkjebladet?

Kyrkjebladet blir drive på friviljug basis, og vi er avhengig av støtte frå lesarane.  
Vi er takksame for bidrag.

Kontonr vårt er: 2153.07.09296 – Merk det gjerne med «Kyrkjeblad»

# PÅSKEPYNT 2018

## KVIFOR FEIRAR VI PÅSKE?



Heilt sidan jødane flykta frå Egypt har dei feira påske (pesach) for å minnast denne hendinga.

I førkristen tid feira vi solfest om våren, og denne fell godt saman med påskhøgtida.

I katolsk tid skulle alle faste i 40 dagar før påske, til minne om Jesu 40 dagar i audemarka.

Etter reformasjonen gjekk det mange generasjonar før denne tradisjonen gradvis vart svekka.

Kristne feirar påske til minne om krossfestinga og Jesu død langfredag og at han stod opp att frå dei døde fyrste påskedag (den tredje dagen).

Palmesundag var då Jesus reid inn i Jerusalem, der mange møtte han med jubelsong og palmegreiner i hendene, – medan andre hadde med seg pisk.

Nattverden vart innstifta under det siste måltidet Jesus hadde med læresveinane sine skjærtorsdags-kvelden.

## GAMLE PÅSKESYMBOL



LAMMET er det eldste påskesymbolet heilt frå jødisk tid – offerlammet. Hjå oss tyder det at Gud ofra sin son for vår skuld. Lammet er tradisjonell påskefarge i mange land.



EGG har lang tradisjon som del av påskefeiringa. I førkristen tid var det symbol for livskraft og kimen til nytt liv. Hønene tok til å verpe att rundt vårjamndøgn (21. mars) etter ein lang og mørk vinter. I kristen samanheng er egget symbol for oppståninga.

Skikken med å dekorere egg går heilt attende til det gamle Egypt. No er det særleg Aust Europa som står sterkt i den tradisjonen. – (Blå prikker på egget symboliserer Jomfru Maria sine tårer under krossfestinga) – tenk ellers på Faberge egg av perler, edelsteinar og gull som den russiske tsaren varta opp med til sine familiemedlem.



KYLLINGEN vart og klekt ut på denne tida, og står for nytt liv. Biletet der han bryt ut av skalet vert og brukta som symbol på Jesus som braut seg ut or grava.

Det er for det meste vi i Norden som brukar påskekyllingar.

Sør i Europa og i USA er det påskeharen og kaninar som dominerer.



HANEN er ei påminning om at disippelen Peter fornekta Jesus tre gonger før hanen gol om langfredagsmorgonen, akkurat som Jesus hadde sagt.



SOLA symboliserer det livgjevande. Ho blir ofte framstilt med gul farge, og for oss er gult påskefargen framfor alle.



LILJA er symbol på eit reint liv, og er den tradisjonelle påskeblomsten i Europa og USA. Ettersom denne har vore vanskeleg å få tak i her hjå oss, er den gule PÅSKELILJA blitt påskeblomsten vår.

”Påskeblomst! hvad vil du her?/ Bondeblomst fra landsbyhave?/uden duft og pragt og skjær!/hvem er du velkommen gave?”, sa Grundtvig om påskelilja i 1817. Den gongen var påskelilja ein smålåten blomst som vaks vilt i ”bondemandens have”, og har sidan den gongen utvikla seg til den praktplanta vi pyntar med i dag.



KROSSEN er sjølve symbolet på kristen tru. Den er sentral i det påska handlar om, og den vi framfor alt kjenner att som vårt symbol i kyrkjer over heile verda.

Krusifikset – Jesus på krossen med bøygd hovud – symboliserer lidinga.

Den timme krossen er tegn på Kristi oppstode.

# Måndagstreff i 35 år

Ungdomsklubben Måndagstreff held til på Kvamshall og er open for all ungdom frå Vestre Slidre og andre bygder. Klubben er open kvar måndag unntake sommarmånadene og høgtidshelger og er til for dei unge frå 7.klasse og oppover.

Dette og annan informasjon om Måndagstreff kan ein lese på heimesidene til den stadig like ungdommelege og aktive 35-åringen.

Vidare kan vi lese at aktivitetstilboden er allsidig: dart, biljard, bordtennis, innebandy, air-hockey, leikar, luftgevær- og bogeskyting, temakveldar og i blant andakt eller besøk utanfrå. Det er også høve til å berre sitje i sofaen og prate med kvarandre eller dei vaksne. Kiosken er populær: her er pizza, lasagne, hamburgarar og vanlege kioskvarer å få kjøpt, og alt er til sjølkost. Det skal ikkje vera dyrt å delta på Måndagstreff.

Om vinteren er det akekveldar etter stølsvegar, sjølv sagt og sjølvkost med trygging og sikring av leiarane. Vi fekk vera med ein måndagskveld i februar då det var aking ved Jomsborg.



## Leiar sidan 1983.

Det er ikkje mogeleg å omtale Måndagstreff utan å ta med Leif Homme.

Det var i 1983 at han og nokre foreldre samtala om å starte eit fritidsstilbod for ungdom i Vestre Slidre. Frå tanke til handling. I oppstarten fekk dei god hjelp av ein aktiv sekretær i Normisjon Oppland. Såleis vart Måndagstreff ein realitet og Leif har vore med heile vegen sidan. Han har hatt eit overordna ansvar for å planlegge innhald, organisere og fordele ansvar, ordne med leige av grendehuset og økonomien elles, mellom anna det å söke økonomisk støtte til ungdomsklubben.

Vestre Slidre, Vestre Slidre Sparebank, Kyrkjeleg fellesråd og Frifondmidlar har vore faste bidragsytarar og deira støtte har gjort at ungdomsklubben kan drivast stødig år etter år.

## Trygge rammer, ansvar og ros.

Leiarane i ungdomsklubben er foreldre og tidlegare medlemmer som er villige til å ta på seg ansvar og hjelpe til. I alt er det 13 leiarar som fordeler ansvar for klubbkveldane mellom seg etter ein plan som vert sett opp kvar haust. I fylje Homme er dei handplukka! Han understrekar kor viktig det er for ungdom til alle tider å ha stabile, trygge leiarar som ser den enkelte, gir dei merksemd og bryr seg om dei. «Det er grunnleggande viktig at vi respekterer dei unge, gir dei ansvar og mykje ros», seier han.

Styret for Måndagstreff er ungdommane sjølve og dei blir valde blant medlemmene når klubben startar oppatt etter sommarferien. Medlemmene har også ansvar for å hjelpe til etter tur og har ansvar for kiosken, pizzalaging, vaffelsteiking,- og oppattrydding saman med vaksenleiarane. Ungdomane vaskar golva til slutt og for dette får dei «raude lappar» som dei kan handle for i kiosken neste måndagskveld.

Medlemstalet har variert noko gjennom dei 35 åra. I 2017 var det 37 registrerte medlemmer og frammøtet på kveldane er noko forskjellig. Ein kan merke konkurransen med sosiale media og andre aktivitetstilbod.

I starten var det fullt hus heile tida, Måndagstreff var noko «alle» måtte vera med på. Vi prata med Marianne Tvene som var medlem og leiar i ungdomsstyret på 80-talet og ho seier at Måndagstreff var stas! Der var det

moro, trivsel og ei kjensle av å høyre til. Mange i bygda har vore innom måndagane på Kvamshall, gjerne fleire generasjonar i same familie, og dei sit att med gode minne frå klubben.

### Honnør til Homme.

For eit par år sidan mottok Leif Homme avis Valdres sin juleblomst for sin innsats for ungdommen i Vestre Slidre gjennom ein mannsalder. I den samanhengen delte Marianne eigne fine opplevelingar frå Måndagstreff på Facebook og ho fortel oss at det kom mengder av tilbakemeldingar frå andre som også hadde vore med i klubben. Det var kommentarar som: «Han er ein viktig person for ungdommen i Vestre Slidre .» « Alle bygder og grender skulle hatt sin eigen Leif!» Mykje ros og takk som både varma og rørte den utrøytelige ungdomsleiaren.

### Motivasjon og drivkraft.

Vi må jo spørje Homme kva som har vore motivasjonen og drivkrafta hans gjennom alle desse 35 åra ? «Det betyr mykje at Vestre Slidre er ein trygg og god stad å bu, og for meg vart det viktig å kunne gjere noko for ungdommen i bygda. Dette vart mi oppgåve, mitt



På akekvelden ved Jomsborg var det pølsegrilling og varm saft mellom øktene.

bidrag», seier han. Såleis vart Måndagstreff nærast eit livslangt prosjekt. «Eg kjem nok til å halde fram som leiar så lenge dei unge møter opp og viser interesse for tiltaket», seier han.

Han fortel at den positive responsen frå foreldre og ungdom har gitt mykje glede og nye krefter. Utan deira støtte og innsats kunne ikkje klubben ha levd og han gir all honnør og takk til dei som har vore med!

Kva har dei kristne verdiane å seie for innhaldet i klubbverksemda? Homme fortel at det først og fremst er forventa at alle oppfører seg fint mot kvarandre, det er ikkje toleranse for å mobbe eller for stygg språkbruk og banning. Verdigrunnlaget vert respektert og praktisert av leiarane og gjort kjent for medlemene kvart år. Ein gong i blant er det andakt, men treffa er i mindre grad forkynnande. Hovudsaken er at dei unge har ein stad der dei kan kjenne seg trygge og ha det fint saman og at leiarane er folk dei kjenner og kan stole på.

«Dei unge i Vestre Slidre har hatt Måndagstreff i 35 år. Det er lenge det! Medlemene og foreldra må ha vore trygge på at dette er ein grei stad å vera på måndagskveldane,» avsluttar han på sin lune måte.

Og vi vil berre slutte oss til alle dei som meiner at Leif Homme verkeleg fortener godord og rosande omtale for sitt arbeid med Måndagstreff og ungdommen i Vestre Slidre gjennom så mange år!

# Måndagstreff



-såklart!

Vi takkar for minnegåva  
som vart gjeve til  
Måndagsklubben og Hekta  
ved Guro Myrvang si gravferd.

# Kista er ikke fra 1370-talet

I forrige nummer skreiv vi om kyrkjekistene frå Moe. Jan Børø Jahnsen vil korrigere det som til no har vore sagt og skrive om den kista som står på brukartorget på Slidretun. Vi gjengir her delar av det han skriv:

Artikkelen i avisa VALDRES 3. august forteller om kista som nå er gitt som gave til Vestre Slidre kommune. Kista har årstallet 1370 og bokstaver som kan tydes MOOJ eller MOJ, kanskje en gammel skrivemåte for Mo. Flere, også undertegnede, har i samsvar med muntlig tradisjon i Vestre Slidre tenkt at kista har hørt til i Mo kirke, nå kirkeruin. To andre kister i Vestre Slidre knyttes også til Mo kirke. Kan det ha vært tre store kister i den lille kirken samtidig?

Tidligere direktør ved Valdresmusea, Torill Thømt, er ekspert på middelalderske jernbeslag og har sett på bilder av kista.

Smijernsbeslagene er typisk 1700-talls beslag. De kan jo være satt på senere. Hun har aldri sett slike årstall på middelalderbeslag. Det finnes en sjeldan gang år på middelalderbeslag, men da med bokstaver. Middelalderkister har vanligvis flatt lokk. Torill Thømt betegner vår kiste som ”hjemmesnekret”. Ingen prydkiste for

kirkelig bruk? For datering strekker hun seg til seint 1600-tall, men absolutt ikke 1300-tallet. Mo kirke gikk ut av bruk omkring reformasjonen 1536 og var en mannhøy ruin ca. 1750. Da blir kista sin tilknytning til Mo kirke noe tvilsom.

Torill Thømt undrer også på om siste bokstav i MOJ eller MOOJ kan være en D, som i dette tilfelle ville bety datter. Da kan MOD for eksempel bety Marit Ols-datter. Kista kan da være laget til en datter, for eksempel i medgift.

Konklusjonen så langt for kista som Vestre Slidre kommune har fått: Den er ikke fra 1370. Årstallet 1370 har kommet på kista langt senere. Kista har jernbeslag fra 1700-tallet. Om bokstavene MOJ for Mo i stedet er MOD føre eksempel for Marit Ols-datter, blir tilknytningen til Mo kirke tvilsom.

Vi ønsker gjerne at våre gamle gjenstander skal være eldst mulig. Vi må være forsiktige i våre påstander. For hver gang vi får et svar, har vi sikkert ti nye spørsmål. Det er det som er spennende med historieforskning. Nå må diskusjonen om denne kista gjerne gå videre, skriver Jan Børø Jahnsen til slutt.



Bilde av kista på brukartorget

# Språkkafé på biblioteket

Det har vore mange kalde dagar på etterjulsvinteren, og ikkje så godt å vere ute for dei minste. Ein slik kald laurdag, der gradestokken kraup ned mot 25 grader, ville Ella, to år, vere med på biblioteket. Vi drog godt innpakka av garde i kald bil. Inne på biblioteket vart vi tatt imot med smil og varme av Montajeb og fleire. Ja, det var fullt av folk, små og store, der denne dagen. Det var språkkafé med underhaldning, kaffe, saft og mange gode kaker – Ella hadde det heilt topp og ville absolutt ikkje heim då tida var inne for å bryte opp. Eg skjønte henne godt – det var veldig hyggeleg, og vi fekk så fin kontakt med mange av dei som var der. Montajeb hadde drage det heile i gang – håpar det ikkje går så lenge før neste kulturkafé på biblioteket – der var det godt å vere.



## Morsmålsdagen



Morsmålfesten gjekk av stabelen onsdag 21. februar i Kulturhuset i Slidre. Mange hadde funne vegen dit og vart ønskte velkomne på seks forskjellige språk; norsk, arabisk, tigrinja (Eritrea), ukrainsk, kurdisk og tagalog (Filippinene). Vi trur vi har rundt tolv forskjellige nasjonalitetar i Vestre Slidre, fortel Torill Trøen, dei er arbeidsinnvandrarar, gifte med nordmenn og nokre er flyktingar.

Maten var hovudattraksjonen denne kvelden. Våre syriske elevar laga mat saman med sjette og niande klasse ved Slidre skule. Eg må seie eg var veldig imponert over innsatsen. Det var mykje fantastisk mat, og det smakte fortreffleg.

Fleire hadde tatt med kaker til det bugnande kakebordet, men Githah, nummer tre frå venstre på bildet, hadde laga det aller meste. Han har jobba som konditor i heimlandet og lært veldig mykje der.

Men det var ikkje berre mat denne kvelden; Vestre Slidre folkeakademi hadde ordna med aktivitetar av ymse slag for barna, m.a. hadde dei leigd inn ein tryllekunstnar. Og så spelte eit husorkester både til sang og dans. Husorkesteret som består av to lærarar frå kultuskulen og fem av våre elevar er eit særskilt vellykka prosjekt. Dei spelte

mykje flott denne kvelden - eg har lyst til å trekke fram Elias sang, den gjorde eit sterkt inntrykk på oss alle.

Elles så hadde Teodros Ghirmay frå Eritrea måleriutstilling – nydelege bilde. Dette var debuten, håpar vi kan få til fleire utstillingar med bilda hans.

Det vart ein fin og triveleg mormålfest, oppsummerer Torill.

## Besøksvener!

Vi treng fleire besøksvener i kommunen, og sokneråda oppfordrar no deg til å melde deg! Ein besøksven er ein som besøkjer nokon eit par timer ein gong i månaden. Ein kan gjere noko i lag, gå ein tur eller berre drikke kaffe og skravle. Vi treng personar i alle aldre og med ulike interesse. Hugs på at å gjøre noko for andre er både verdifullt og gjevande. Er dette noko for deg, ta kontakt med oss på kyrkjekontoret. Vi håper å høre frå nettopp deg!

# Pilegrim i Valdres til sommeren?



For trettende gang arrangeres en fellesvandring for pilegrimer gjennom Valdres, fra Hedalen stavkirke til St. Thomaskyrkja på Filefjell. Vandringen tar 8 dager. Den går gjennom fire kommuner. Du får se fem stavkirker, tre middelalder-steinkirker, fire Olavs-minner. Her er mange andre kulturminner. Du får oppleve den vakre Valdres-naturen i sakte tempo.

Dette er ingen opprinnelig pilegrimsled, men St. Thomaskyrkja var et viktig pilegrimsmål i middelalderen.

«Vinden fra vest blåste gjennom Valdres da sagnet om Sunniva på Selje kom over fjellet, da biskopen i Svitthuns-kirken i Stavanger var vår biskop, og da Thomas av Canterbury ble skytshelgen på Filefjell. Keltisk åndstradisjon med helliggjøring av naturen var en bærende kraft i kristningen av Valdres, og levde videre her.» Dette leser vi i brosjyren om sommerens fellesvandring.

Vandringen begynner med samling på Solheimen i Hedalen fredag 29. juni, og avsluttes på Filefjell lørdag kveld, 7. juli. Dersom du blir med, vil du på det tidspunkt være en stor opplevelse rikere!

Overnatting, mat, noe felles kjøring, frakt av bagasje, følgebil er inkludert i prisen. Du vandrer med en liten dagstursekke. Her er turledere og pilegrims-prest.

Kontakt Pilegrimsfellesskapet St. Thomas på e-post [trondoi@online.no](mailto:trondoi@online.no) eller [bjahnsen@gmail.com](mailto:bjahnsen@gmail.com) for flere opplysninger og evt. påmelding.

HANS ENGER

## Mannskoret B-karad'n, kommer fra Ål i Hallingdal

De er en vennegjeng med utspring fra Ål kyrkje. De første tonene ble sunget sammen for snart 20 år siden og koret er bl.a kjent for sine egenskrevne revyer.

B-karad'n har også lang erfaring med å arrangere påske-konserter. De siste åra har Ål kyrkje vært fylt til randen av både fastboende og turister som ønsker en stille og fin start på påskeuka sammen med mannskoret. Lidelseshistorien blir i år lest av Berit (Garvik) Kilde! Flere av sangene går igjen fra år til år, men mange nye blir også innovd hvert år. I år er bl.a. "Deg å få skode" og "Vi ser Gud er god" eksempler på nytt stoff. Ellers vil koret synge mange av de mest kjente sangene som «Deg være ære» og «Når vi deler det brød». De fleste arrangementene er håndskrevet for B-karad'n, av korets egen dirigent Audun Flaen, som også sitter bak piano på flere av sangene. Flaen legger stor vekt på ulike musikalske uttrykk og det er god variasjon i sangene og arrangementene. Gjerne ulike arrangement på hvert vers!

B-karad'n legger bak seg en svært aktiv vinter med mange konserter, og er snart klare for vårbeite med konserter i Bergen, men først er det påske og B-karad'n ønsker alle

hjertelig velkommen til Ryfoss misjonshus palmesøndag, kl. 19! (Kaffe fra 18.30) Kollekt til dekning av utgifter.



# Den rauda messehakelen



Marit Anny Løken Tvenge har vove dei tre messehaklane, den fiolette, den grøne og den kvite, som brukast i Slidredomen. Det mangla ein, den rauda. Marit Anny har vove også denne, som de ser på bildet.

Veveteknikken som er brukt her er bragrustning – det er eit handplukka mønster på kvart innslag, som gjer dette stoffet heilt spesielt.


Den rauda messehakelen vert brukt pinseeftan, pinsedagen og 2. pinsedag, aposteldagen (6. søndag etter pinse), olsok, ved kyrkjelege jubile, ordinasjonar og andre høgtidelege høve.

Slidre sokneråd har fått kjøpt denne til ein gunstig pris. Vi veit vi har mange med oss når vi har sagt ja til å kjøpe dette praktstykke til kyrkja vår. Vil de vere med og støtte innkjøpet av messehakelen, kan de gi ei gave til Slidre sokneråd anten på kontonr. 2153.20.03528 eller på VIPPS 109786. Merk betalinga med «Messehakel».



## Tårnagenthelg laurdag 21. april!

Det er tid for tårnagenthelg igjen! Alle 3. klassingar blir inviterte. Laurdagen møtest vi i Slidredomen for å utforske kyrkja, bl.a. tårnet! De får gjere morosame oppgåver i lag, synge og ete i saman. Sundagen får de vere med i gudstenesta og vise frem noko av det de har lært. Set av helga allereie no – invitasjon kjem i posten! Under ser de biletar frå sist gong!



# Stiftinga Torgeir Før's minne

Stiftinga Torgeir Før's minne deler ut midlar til personar som tek kristen utdanning og til ungdom som deltek på kristne leiarar eller kurs. Friviljuge lag og organisasjonar som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkja. Søkjarane må vere frå Vang eller Vestre Slidre. Søknad kan sendast til: Torgeir Før's minne, Ellestadvegen 34, 2967 Lomen eller e-post: torgeirforsminne@yahoo.no

## KYRKJELEGE HANDLINGAR

1. desember 2017 – 28. februar 2018

|           |                     |  |
|-----------|---------------------|--|
| Døypte    | <b>Slidre sokn:</b> | 14.01.2018 Athena Arnadottir-Olvik – Busett i Oslo<br>14.01.2018 Knut Strand Hande<br>14.01.2018 Sveinung Flemmen Trøsvik<br>25.02.2018 Thea Lovise Brujord – Døypt i Ulnes kyrkje |
| Jordfesta | <b>Slidre sokn:</b> | 22.12.2017 Arve Saglien f.1954<br>29.12.2017 Randi Julianne Hamre f.1931<br>16.01.2018 Tor Rudlang f.1932 – Til kremasjon<br>19.01.2018 Liv Karin Hamre f.1945 – Til kremasjon     |
|           | <b>Røn sokn:</b>    | 09.02.2018 Mariann Engebretsen f.1952 – Jordfesta i Ulnes kyrkje   |
|           | <b>Lomen sokn:</b>  | 16.02.2018 Andris Haugen f.1930<br>23.02.2018 Trond Hamre f.1920   |

## KYRKJA I VESTRE SLIDRE

Kyrkjekontoret er opent: måndag til torsdag kl. 09.00 – kl. 15.00

Kyrkjekontoret kan vere stengt i denne tida pga. møte, ferie og anna.

Sokneprest Ola Døhl. Tlf. 61345052 / 48132050 – E-post: slidrepristen@gmail.com

**TILSETTE** – Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd

| Namn                      | Tlf.                 | Jobb   |
|---------------------------|----------------------|--|
| Veslemøy Kvamme           | 61345095<br>95868588 | Kyrkjeverje  |
| Are Alund                 | 99734175             | Kantor   |
| Heidi Bergsbakken         | 61345098<br>91600644 | Kontorfullmektig og trosopplærer   |
| Magnhild Skjel            | 95821005             | Klokkar i Røn, Øyjar og Lomen sokn   |
| Trine Geicke Kolbjørnshus | 41201165             | Klokkar i Slidre sokn  |
| Odd Kolbjørnshus          | 91754905             | Kyrkjetenar i Slidre sokn. Høgmesser/gudstenester  |
| Safet Vladovic            | 99221198             | Kyrkjetenar i Røn, Øyjar og Lomen sokn<br>Kyrkjetenar i Slidre sokn ved gravferd og vigsel<br>Ringjar i Slidre |
| Jan Ole Bråten            | 91364677             | Reinhaldar i alle sokna  |
| Nils Einar Ormestad       | 90178983             | Ringjar i Slidre<br>Tilsynshavar i Lomen stavkyrkje  |

# Gåver til kyrkjebladet i 2017

Knut Oddvar Berglid, Andris Tuvmarken, Ingrid Ristebråten, Roy Miller, Annie Reidun Stee, Jorunn og Bjarne Lome, Tove og Jan Martin Hambro, Kari Uvsløkk Røn, Jørgine Jarstadmarken, Ivar Hamre, Oddny og Bjørn Røn, Dorthe Høyme, Kari og Oddvin Masdal, Gunnbjørg og Torstein Berge, Johanna og Sigbjørn Ødegård, Kari Høyvik, Anna Ringen, Olav Haugli, Annlaug Solheim, Odd Kolbjørnshus, Anne Sofie og Stein R Hålien, Berit Garvik, Marit og Olle Rosendal, Eli-Janne og Per Einang, Anne Ødegård, Marie Rødningen, Kjell Kvamme, Rønnaug Trøen, Anne Lise Hamre Huseby, Nils Haugrud, Solveig Lagerud Berger, Erik Belgum, Sigrid Skåren, Hilde Nybråten Berg, Lisbet Vik, Hilde og Knut Berge, Knut Fystro, Martha og Nils Rogn, Kari og Egil Rogn, Marit Anny Løken, Torgeir Lasskogen, Marit Riste, Berit og Gunnar Breivik, Arnfinn Kvam, Odd Steinar Kirkengen, Liv Aarhus, Jorunn og Ola Einang, Øyvind Magistad Berge, Grethe og Andris Stee, Kari og Ivar Ringestad, Eli Sælid, Ottar Wang Berntsen, Oddrun og Gunnar Kverneggen, Ingebjørg og Ole Høyne, Sigrid Arnesdotter Hedalen, Kristine og Oddvar Opheim, Frivillighetssentralen, Magnhild Sveine, Kjell Volden, Marit Kaata, Ole Bjørn Før, Marie Luise Ljønes, Ingebjørg og Magne Moe, Sigrid Stenerud, Solfrid og Helge Leirhol, Mari Røn, Aud og Sigmund Lijordet, Ragnhild Strømmen, Solveig og Torstein Husaker, Signe Finneberg, Astrid Olga Bråten, Gro og Knut Rudi, Gerd Tuvmarken, Inger Astrid og Rolf Nordberg, Ingrid Rogn og Morten Hamre, Marit og Knut Skrindsrud, Borgny Kristiansen, Valdresmusea AS, Kjellaug Trøen, Ruth Marie Røn, Helfrid og Kjell Otto Tvene, Borgny Lyster, Olav E Kvale, Olav Ivar Viste, Gerd og Olav Birger Ødegård, Elisabeth R Dahl, Ann Karin Berg, Nils Sander Sørensen, Leiv Bergheim, Marit Liborg Hambro, Inger Bunde, Kari Bergheim Moe, Anne Berit Strømmen Strand, Kari Hande m/fam, Jørgen Kolstad m/fam, Karin og Åge Kristiansen, Kari Johme, Torgeir Reien, Eli Staxsrud Brenna, Ragnhild Tuvmarken, Anne Marie Gustavsen, Torun Mørk, Marit Røvang og Magne Lyseng, Marit og Torbjørn Øygard, Ellen og Ola Fosheim, Trond Hamre, Eivind Hande, Anne Lise Hamre Huseby, Bjørn Harald Hamre.

**Vi takkar for gåvene.**

## VIPPS

Hugs at vi har VIPPS! Om du ikkje har med kontantar på ei gudsteneste og ynskjer å gje kollekt, kan du Vippse oss!

VIPPS-nr.:  
Slidre sokn 109786,  
Røn sokn 105863.  
Lomen sokn 137884.

*Vi i redaksjonen vil ynskje  
alle ei God Påske!*

Med helsing  
Are Alund, Sigrun Sørensen,  
Elisabeth Robsam Dahl, Lisbet Vik  
Per Olav Eide og Randi Øraker Horge

# Konfirmantar i Vestre Slidre 2018

## Røn sokn sundag 27. mai

### Kl. 10.30:

Inga Berg Fauske  
Jonas Dalen Lyngstad  
Sandra Follinglo Røn  
Rebekka Stenberg  
Kristian Qualben

### Kl. 12.00:

Håvard Nyhagen  
Aleksander Rogne  
Kjell Gunnar Snortheimsmoen  
Nils Sander Sørensen  
Brede Wikerholmen

## Slidre sokn sundag 3. juni kl. 11.00

Håkon Berge  
Eivind Torgeir Reien Frestad  
Edel Halle  
Henrik Holden  
Vemund Bjørkheim  
Martin Sælegård  
Lillian Stølen  
Mikkel Moe Westgård

## Lomen sokn sundag 10. juni kl. 11.00

Svanhild Kvale Bakke  
Jon Erik Bergli  
Margrete Bergli (Høre stavkyrkje)  
Martin Hakkebo Dokkehaugen  
Leah Gustavsen  
Vilde Hovda  
Åsne Hovda  
Malin Røvang  
Ørjan Slåttsveen



# MESSELISTE

| Dato     | Dag                              | Tid   | Stad                  | Teneste                      |                     | Takkoffer                                 |
|----------|----------------------------------|-------|-----------------------|------------------------------|---------------------|---|
| 25.03.18 | Palmesøndag<br>Maria Bodskapsdag | 11.00 | Lomen Kyrkje          | sundagsskuleskirenn          | Sokneprest Ola Døhl | Barne- og ungdomsarbeid                   |
| 29.03.18 | Skjærtorsdag                     | 12.00 | Vaset                 |                              | Sokneprest Ola Døhl | Soknerådsarbeid                           |
| 30.03.18 | Langfredag                       | 19.30 | Slidredomen           |                              | Sokneprest Ola Døhl |   |
| 31.03.18 | Påskkenatt                       | 22.30 | Slidredomen           |                              | Sokneprest Ola Døhl |   |
| 01.04.18 | 1. Påskedag                      | 11.00 | Slidredomen           |                              | Sokneprest Ola Døhl | Messehagel                                |
| 02.04.18 | 2. Påskedag                      | 11.00 | Sjukeheimen           |                              | Sokneprest Ola Døhl |   |
| 15.04.18 | 3.s.i.påsketida                  | 11.00 | Røn kyrkje            |                              | Sokneprest Ola Døhl | Sundagsskulen                             |
| 22.04.18 | 4.s.i.påsketida                  | 11.00 | Slidredomen           | Tårnagenthelg                | Sokneprest Ola Døhl | Barne- og ungdomsarbeid                   |
| 29.04.18 | 5.s.i.påsketida                  | 11.00 | Lomen                 |                              | Sokneprest Ola Døhl | Norsk folkehjelp                          |
| 01.05.18 | Arbeiderenes dag                 | 11.00 | Røn kyrkje            |                              | Sokneprest Ola Døhl | Kirkens Bymisjon                          |
| 10.05.18 | Kirsti himmelfartsd.             | 11.00 | Lomen kyrkje          |                              | Sokneprest Ola Døhl | Rådet for psykisk helse i Valdres         |
| 13.05.18 |                                  | 11.00 | Øyjar kapell          |                              | Sokneprest Ola Døhl | Redd Barna                                |
| 17.05.18 | Nasjonaldagen                    | 09.45 | Slidredomen           |                              | Sokneprest Ola Døhl | Messehagel                                |
| 17.05.18 | Nasjonaldagen                    | 12.00 | Røn kyrkje            |                              | Sokneprest Ola Døhl | Vestre Slidre Skulekorps og Røn Musikklag |
| 20.05.18 | 1.Pinsedag                       | 11.00 | Slidredomen           |                              | Sokneprest Ola Døhl | Messehagel                                |
| 21.05.18 | 2.Pinsedag                       | 11.00 | Sjukeheimen           |                              | Sokneprest Ola Døhl |   |
| 22.05.18 | 3. Pinsedag                      | 13.15 | Sjukeheimen           |                              | Sokneprest Ola Døhl |   |
| 27.05.18 | Treenighetssøndag                | 10.30 | Røn kyrkje            | Konfirmasjon                 | Sokneprest Ola Døhl | Konfirmantarbeid                          |
| 27.05.18 | Treenighetssøndag                | 12.00 | Røn kyrkje            | Konfirmasjon                 | Sokneprest Ola Døhl | Konfirmantarbeid                          |
| 03.06.18 | 2.s.i treenighetstiden           | 11.00 | Slidredomen           | Konfirmasjon                 | Sokneprest Ola Døhl | Konfirmantarbeid                          |
| 10.06.18 | 3.s.i treenighetstiden           | 11.00 | Lomen Kyrkje          | Konfirmasjon                 | Sokneprest Ola Døhl | Konfirmantarbeid                          |
| 22.06.18 | Fredag                           | 21.00 | Slidredomen           | Lysmesse - Tween Camp        | Sokneprest Ola Døhl |   |
| 23.06.18 | Lørdag                           | 21.30 | Slidredomen           | Lysmesse - Tween Camp        | Sokneprest Ola Døhl |   |
| 24.06.18 | 5.s.i treenighets-tiden/st.Hans  | 12.00 | Prestegarden          | Festgudsteneste – Tween Camp | Sokneprest Ola Døhl | Hekta lokallag                            |
| 01.07.18 | 6.s.i treenighetstiden           | 11.00 | Røn kyrkje            |                              | Sokneprest Ola Døhl | Frelesarmeene Fagernes                    |
| 04.07.18 | Onsdag                           | 19.00 | Slidredomen           | Pilegrimsrådsteneste         | Pilegrimsprest      | Pilegrimsarbeid                           |
| 15.07.18 | 8.s.i treenigehtstiden           | 11.00 | Syndin/Lomen          | Stølsmesse                   | Sokneprest Ola Døhl | Konfirmantarbeid                          |
| 22.07.18 | 9.s.i treenigehtstiden           | 11.00 | Mo kyrkjeruin         |                              | Sokneprest Ola Døhl | Messehagel                                |
| 29.07.18 | Olsok                            | 19.30 | Lomen stavkyrkje      |                              | Sokneprest Ola Døhl | Sjømannskirken                            |
| 05.08.18 | 11.s.i treenigehtstiden          | 11.00 | Vaset -stølselfestiv. |                              | Prestevikar         | Soknerådsarbeidet                         |
| 19.08.18 | 13.s.i treenigehtstiden          | 11.00 | Kvitsyn               |                              | Sokneprest Ola Døhl |   |
| 26.08.18 | 14.s.i treenigehtstiden          | 11.00 | Slidredomen           | Gullkonfirmanter             | Sokneprest Ola Døhl | Konfirmantarbeid                          |

Tar etterhald, messelisten kan bli endra, særleg messene i juli og august. Det er ferietid for prestar og andre tilsette. Sjå oppslag ved kyrkjene og andre stader, kommunen si side, «Det skjer» i avis Valdres, og facebooksida: kyrkja i Vestre Slidre.

